

# Studieplan for BACHELORSTUDIET I NYSKAPING OG REGENERATIV UTVIKLING ved Høgskulen for grøn utvikling (HGUt)

---

## **Innleiing/grunngeving**

I *Bachelorstudiet i nyskaping og regenerativ utvikling* skal studentane læra å sjå med nye auge på ressursane dei har rundt seg; dei menneskelege, dei naturbaserte, dei kulturelle og dei sosiale. Dei skal læra å ta i bruk ressursane på nye måtar og slik verta aktive utviklarar og pådrivarar i forhold til eigen livssituasjon og eige miljø. Bachelorstudiet vil gi grunnleggjande kunnskap om utviklingsarbeid og verdiskaping i eit naturfornyande, grønt perspektiv.

Høgskulen har *Kunnskap for utvikling* som sin hovudvisjon. I tråd med denne visjonen skal studiet synleggjera og gje grunnleggjande kunnskap om det handlingsrom me har som menneske til å påverka framtida i positiv retning. Studiet skal stimulera til skaparglede, kreativitet og entreprenørskap, og legg difor også opp til aktivt samarbeid med forvalting, nærings- og organisasjonsliv (jfr. departementa sin handlingsplan for integrering av entreprenørskap i høgare utdanning).

## **Graden**

Studieprogrammet har eit omfang på 180 studiepoeng og fører fram til grada Bachelor i Nyskaping og regenerativ utvikling.

## **Opptakskrav**

Generell studiekompetanse, 23/5 eller realkompetanse.

## Oppbygging av Bachelorstudiet i nyskaping og regenerativ utvikling

| Grada er bygt opp av studia:                   | Studiepoeng |
|------------------------------------------------|-------------|
| <b>Studieår 1: Samfunn og utviklingsarbeid</b> | <b>60</b>   |
| <b>Studieår 3 obligatorisk: Nyskaping</b>      | <b>60</b>   |
| Studentane kan 2 studieår velja mellom:        |             |
| <b>Sirkulær økonomi</b>                        | <b>30</b>   |
| <b>Regenerativt landbruk</b>                   | <b>30</b>   |
| <b>Hest i Næring</b>                           | <b>30</b>   |
| <b>Landskap og utvikling</b>                   | <b>30</b>   |
|                                                |             |

### Litt om dei ulike kursa<sup>1</sup>

Kurset **Samfunn og utviklingsarbeid** (*tidl. Handlingskompetanse/Endringskunnskap*) er første år i BA nyskaping og regenerativ utvikling og handlar m.a. om:

- relasjonar og nettverk
- lokalsamfunnsutvikling (nasjonalt og internasjonalt)
- det å skapa og endra
- kommunikasjon og samarbeid
- akademisk tenking/metode
- prosjektleiing og -utvikling
- maktstyrking (empowerment)

Det er eit tverrfagleg studium der vi nærmar oss utviklingsfeltet gjennom teori frå pedagogikk, geografi, sosialantropologi, sosiologi og filosofi. Kurset gjev ei grunnleggjande forståing av lokalsamfunnet som ramme og utgangspunkt for handling/entreprenørskap. Nettverks- og relasjonsbygging er vektlagt.

---

<sup>1</sup> Kwart av kursa som inngår i bachelorgraden har sine egne studieplanar. Desse kan lastast ned frå HLB si heimeside ([www.hgut.no](http://www.hgut.no)).

Kurset gjev ei brei innføring i akademisk tenking/metode og det å ta i bruk forskingsbasert kunnskap i prosjektutvikling. Det vil bli nytta mange døme, både nasjonale og internasjonale.

Kurset **Nyskaping og utviklingsarbeid** handlar om å skapa verdier – sosiale, kulturelle og økonomiske – utan å øydeleggja natur. Det handlar om:

- Det skapande mennesket
- Livskvalitet
- Kreativitet
- Ressursidentifikasjon og ressursutvikling
- Natur- og kulturbasert utvikling
- Stadutvikling
- Samskaping og nettverksskaping
- Korleis bruka lokale ressursar på nye måtar
- Regenerativ samfunnsutvikling – det naturnære menneskesamfunnet

Det er nye idear og satsingar som endrar verda og skaper framtida. Gjennom årsstudiet Nyskaping og utviklingsarbeid lærer du å verkeleggjera idear og å sjå med nye auge på dine eigne omgivnader: Kan me bruka ressursane våre på nye måtar? Kan eg utvikla verksemda mi vidare? Eller kanskje ønskjer eg å starta ny verksemd basert på garden/staden sine særpreg? Korleis mobilisera for gode idear og livskraftige, regenerative lokalsamfunn?

**Sirkulær økonomi og verdiskaping.** Bruk-og-kast-samfunnet fører til store miljø- og klimaproblem. Enorme sosiale skilnader kjem i tillegg. Tida er overmoden for å utforske alternative økonomiske modellar.

I dette kurset vil ein læra å sjå verdipotensialet i sirkulær økonomi. Studentane blir utfordra på korleis ein kan skape verdier basert på gjenbruk av og nyskaping rundt eksisterande ressursar. Samspel med naturen sine produktive krefter er eit sentralt mål.

Kurset er praktisk retta og held fokus på aktørar og potensiala for ny verdiskaping gjennom dei sirkulærøkonomiske verdikjedene. Kurset inngår som valemne i bachelorutdanninga ved HGUt, men er elles relevant for alle næringar og interessegrupper.

**Regenerativt landbruk.** Framtida sin matproduksjon må byggja på naturen sine eigne produktive krefter. Det utrulege økosystemet i matjorda representerer ein utruleg ressurs for nyskaping innanfor landbruk og bygdenæringar. Den nye kunnskapen om molda utfordrar etablerte «sanningar» om at større og større driftseiningar er einaste farbare veg framover.

I kurset Regenerativt landbruk utforskar me dette utviklingspotensialet, og potensiala det gir både for ny næringsutvikling i landbruket og for lokalsamfunnsutvikling. Me tek opp samspelet mellom menneske og dei mangfelte naturressursane i landbrukslandskapet, og går inn på alt frå konkrete driftsteknikkar for å støtta opp under og fremja naturmangfald til heilskapleg planlegging og forvaltning samt nyskapande forretningsmodellar som er særleg tilpassa småskala naturnær drift.

Kurset byggjer på grunntankane i Jordboka og Jordboka II av Dag Jørund Lønning, og er eit produkt av HGUt si særlege satsing på naturmære metodar/regenerativt landbruk. Kurset består av seks samlingar. Ei av samlingane er praksissamlinga på eit regenerativt gardsbruk. Her blir det fokus på regenerative dyrkingsteknikkar og opplæring i market gardening som salsmodell.

**Hest i næring** set fokus på hesten som ressurs for nyskapande næringsutvikling. Studiet går nærare inn i eit breitt spekter av hesteverksemdar og måtar å bruka hesten i næringsutvikling, og vil og gje studentane ei brei forståing av hesten si rolle i norsk bygdeliv og identitet. Arealplanlegging som tek omsyn både til hesten og andre brukarar er og ein viktig del. Talet hestar i Noreg er i vekst. Interesse for hest er og aukande. Dette kurset syner korleis denne veksten kan omsetjast i nye arbeidsplassar i bygdene.

**Landskap og utvikling** ser landskap som ressurs for nyskaping og utvikling, og faget utforskar nye utfordringar og potensial i møtet mellom det rurale produksjonslandskapet og det urbane opplevingslandskapet.

### **Bacheloroppgåva**

Bacheloroppgåva er på 20 stp. og er lagt til siste semester i det tredje studieåret (Nyskaping). Den skal vera eit sjølvstendig utviklingsrelatert arbeid som synleggjer at studenten har kunnskap om og forståing av verdiskapingsprosessar og korleis kunnskap kan brukast for å skapa det nye eller endra det eksisterande. Arbeidet skal og synleggjera at studenten har grunnleggjande kunnskap om datainnsamling og forskingsmetode. Studenten får utnemnt personleg rettleiar innanfor fagstaben ved HGUt.

### **Involvering av studentar i forskning og utvikling ved HGUt**

HGUt er involvert i ei rekkje forskings- og utviklingsoppgåver knytt til nyskaping, entreprenørskap og bygde-/samfunnsutvikling. Høgskulen legg stor vekt på å involvera BA-studentar aktivt i fou-arbeid der dette er mogleg. Slik involvering gjev brei tematisk kunnskap og utvida kjennskap til forskingsmetode.

### **Målgruppe - yrkesmuligheiter**

HGUt sitt bachelorstudium i nyskaping og regenerativ utvikling (180 studiepoeng) er unikt i Norge, og gjev eit relevant og spissa utdanningstilbod for ei lang rekke utviklingsretta yrke og samfunnsoppgåver. Døme er:

- Klimatilpassa utvikling
- Naturfornyning og naturvern
- Utviklingsoppgåver (samfunnsutvikling) innanfor det offentlege
- Entreprenørskap og gründerverksemd
- Nyskaping, omstilling, endring
- Næringsutvikling
- Organisasjonsutvikling
- Internasjonalt utviklingsarbeid (t.d. bistand)
- Offentleg planlegging (mobilisering, medverknad, involvering)

## **Organisering**

Kvart av dei obligatoriske eller valfrie enkeltstudia som inngår i graden er lagt opp som to bolkar, kvar på 30 studiepoeng. BA-studiet kan såleis takast på deltid med 30 studiepoeng pr. år, eller som heiltidsstudium med 60 studiepoeng pr år.

Undervisninga er organisert i samlingar ein eller to gongar i månaden frå september til juni.

HGUt kan etter søknad godkjenna inntil 60 stp tekne ved annan utdanningsinstitusjon.

## **Vidare studium**

Studiet vil gje eit godt utgangspunkt for vidare studiar på masternivå innanfor t.d. natur- og miljøstudiar, klimaarbeid, entreprenørskap, innovasjon, nærings- og bygdeutvikling.

Me gjer merksame på at bachelorstudentar i Noreg i enkelte tilfelle vil måtta ta ekstraemne ved opptak til vidare studiar ved andre høgskular.

Denne studieplanen blei sist justert 16.08.23. Justeringa handla om oppdaterte kursnamn og prosedyrar.

